



Møteprotokoll

Møre bispedømmeråd 2024-2027

Møtedato: 12.09.2025 kl. 10:15

Møtestad: Møre bispedømmekontor

Arkivsak: 23/03807

Til stades: Laila Terese Alendal (Bønnelista)
Arnt-Ove Tenfjord (Frimodig kirke)
Therese Utgård Aas (Åpen folkekirke)
Ole Kristian Gundersen (Åpen folkekirke)
Arne Moltubak (geistleg representant)
Magnus Moksnes Myhre (lek kyrkjeleg representant)
Ingeborg Midttømme (biskop)

Frammøtte
varamedlemer: Mildrid Fiske (Nominasjonskomiteens liste) for Knut Støbakk
Ingunn Karijord (Nominasjonskomiteens liste) for Amalie Valde
Berge

Forfall: Knut Støbakk (Nominasjonskomiteens liste),
Amalie Valde Berge (Nominasjonskomiteens liste)
Maren Elgsaas Alnæs (Åpen folkekirke)

Andre: Endre Volden, Molde internasjonale Jazzfestival sak 32/25

Frå staben: Bjørn Olaf Storhaug, Anne-Marit Hagelund, Maria Vassli Gjære
John Erik Brakstad sak 32/25, Marie Marti sak 33/25

Protokollfører: Bjørn Olaf Storhaug

SAKLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
28/25	Godkjenning av innkalling og saksliste 12. september 2025	3
Godkjenning av protokoll		
29/25	Protokoll Møre bispedømmeråd 2024-2027 02.06.2025	3
Saker til behandling		
30/25	Økonomirapport pr 31.08.25	4
31/25	Innspel til arbeid med årsplan 2026 BDR 120925	4
32/25	Ny Kulturplan Møre bispedømme 2026-2030 1. gangs behandling	5
33/25	Misjon og økumenikk i Møre: Tema til samtale	6
34/25	Budsjett 2026 - overordna styringssignal	6
35/25	Møteplan 2026 - Møre bispedømmeråd	7
Orienteringssaker		
36/25	Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 12. september 2025	8
Eventuelt		
37/25	Endring av møteplan for 2025	9

Molde 09.10.2025

Arnt-Ove Tenfjord

Leiar

Bjørn Olaf Storhaug
Møtesekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

28/25 Godkjenning av innkalling og saksliste 12. september 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	28/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner innkalling og saksliste til møte 12. september 2025.

Møtebehandling

- Kommentar om at saksdokument ikke var lagt ut på heimesider samtidig med saksinnkalling.
- Kommentar om ønske om føring av protokoll som i større grad viser handsaminga.
- Ny sak 37/25 Eventuelt: Endring møteplan for bispedømmerådet 2025.

Vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner innkalling og saksliste til møte 12. september 2025 med tillegg av ny sak 37/25.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

29/25 Protokoll Møre bispedømmeråd 2024-2027 02.06.2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	29/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokollen frå møte i bispedømerådet 2. juni 2025.

Møtebehandling

Vedtak

Møre bispedømmeråd godkjenner protokollen frå møte i bispedømerådet 2. juni 2025.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

30/25 Økonomirapport pr 31.08.25

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	30/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tar økonomirapport pr 31.08.25 til orientering

Møtebehandling

Ingeborg Midttømme fremma forslag til tillegg vedtak: - og takker administrasjonen for god økonomistyring.

Vedtak

Møre bispedømmeråd tar økonomirapport pr 31.08.25 til orientering, og takker administrasjonen for god økonomistyring.

[Lagre vedtak]

31/25 Innspel til arbeid med årsplan 2026 BDR 120925

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	31/25

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet ber administrasjonen ta med dei signala som kom fram i møtet i det vidare arbeidet med årsplan.

Møtebehandling

Møtebehandling

Med utgangspunkt i utkast til årsplan ga bispedømmerådet innspel:

Generelt:

- Nødvendig at tiltak blir sett opp mot dei ressursane som er tilgjengeleg.
- Bruke dei fagressursar som er i heile bispedømmet.

Satsingsområde:

Ungdom – og unge vaksne

Frivilligheit

Kyrkja som samfunnsaktør

- Ta utgangspunkt i rapportar om kyrkja sitt kulturbidrag, kyrkja og sjølvmod, kyrkja og jødane og forsoningskomisjonens rapport

- Kystpilegrimsarbeidet, meir konkretisering
- Løfte fram kyrkjebygget
- Misjon og økumenikk

Utviklingsområde:

Gudstenester:

Fagleg oppdatering/utvikling av tilsette og frivillige

Skape opne fellesskap mot einsemd og utanforskap

Den norske kyrkja som attraktiv arbeidsgjevar

Organisasjonsutvikling og fellesordningar

Vedtak

Bispedømmerådet ber administrasjonen ta med dei signala som kom fram i møtet i det vidare arbeidet med årsplan.

[Lagre vedtak]

32/25 Ny Kulturplan Møre bispedømme 2026-2030 1. gangs behandling

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	32/25

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet ber om at det blir utarbeid ein ny kulturplan for Møre bispedømme for perioden 2026-2030 med grunnlag i desse 5 elementa:

- Kyrkjebygget
- Nasjonaljubileet 2030
- Oppfølging av kyrkjemusikarane
- Samarbeid med kulturinstitusjonar og kunstnarar i Møre og Romsdal
- Inspirere frivillige

Møtebehandling

Innleiing v/Endre Volden – leiar av Molde internasjonale Jazzfestival – om forholdet mellom kunst, kultur og kyrkje.

Endringsforslag frå Ingeborg Midttømme: Punkt om «Nasjonaljubileet 2030» blir endra til «Valldal 2029/Nasjonaljubileet 2030».

Vedtak

Forslag til vedtak:

Bispedømmerådet ber om at det blir utarbeid ein ny kulturplan for Møre bispedømme for perioden 2026-2030 med grunnlag i desse 5 elementa:

- Kyrkjebygget
- Valldal 2029/Nasjonaljubileet 2030
- Oppfølging av kyrkjemusikarane

- Samarbeid med kulturinstitusjonar og kunstnarar i Møre og Romsdal
- Inspirere frivillige

[Lagre vedtak]

33/25 Misjon og økumenikk i Møre: Tema til samtale

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	33/25

Forslag til vedtak

Ingen forslag til vedtak i denne saka.

Møtebehandling

Samtale om misjon og økumenikk i Møre bispedøme.

Nytt forslag til vedtak frå Ingeborg Midttømme:

Møre bispedømmeråd oppmodar alle sokneråd om å delta i «Veka for kristen einskap» og markere misjon i gudstenestene i openberringstida.

Vedtak

Møre bispedømmeråd oppmodar alle sokneråd om å delta i «Veka for kristen einskap» og markere misjon i gudstenestene i openberringstida.

[Lagre vedtak]

34/25 Budsjett 2026 - overordna styringssignal

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	34/25

Forslag til vedtak

Bispedømmerådet ber om at budsjett 2026 tar omsyn til tildeling, tidlegare vedtak om stillingsressursar, rekneskapsresultat for 2025 og dei overordna signal som kom fram i denne saka.

Møtebehandling

Arnt Ove Tenfjord fremma forslag om å utsette saka.

Vedtak

Bispedømmerådet utsett saka.

[Lagre vedtak]

35/25 Møteplan 2026 - Møre bispedømmeråd

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	35/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar slik møteplan for 2026

Måndag 2/2 Fjernmøte
Måndag 23/2 Digitalt samråd med sokneråd/fellesråd før Kyrkjemøtet
Måndag 13/3 Fysisk møte med førebuing til Kyrkjemøtet
Måndag 27/4 Fjernmøte
Måndag 6/6 Fysisk møte
Måndag 21/9 Fysisk møte
Måndag 26/10 Fjernmøte
Måndag 7/12 Fysisk møte med årsplan/budsjett
(Fjernmøter går ut dersom det ikkje er saker til behandling)

Møtebehandling

Under saka kom følgande forslag til endringar:

Måndag 8/6 Fysisk møte
Måndag 21/9 Fjernmøte
Måndag 9/11 Fysisk møte
Måndag 7/12 Fjernmøte med årsplan/budsjett

Digitale møter er i tida 17 - 19

Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar slik møteplan for 2026

Måndag 2/2 Fjernmøte
Måndag 23/2 Digitalt samråd med sokneråd/fellesråd før Kyrkjemøtet
Måndag 13/3 Fysisk møte med førebuing til Kyrkjemøtet
Måndag 27/4 Fjernmøte
Måndag 8/6 Fysisk møte
Måndag 21/9 Fjernmøte
Måndag 9/11 Fysisk
Måndag 7/12 Fjernmøte med årsplan/budsjett
(Fjernmøter går ut dersom det ikkje er saker til behandling)

Digitale møter er i tida 17 - 19

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

36/25 Orienteringar til møte i Møre bispedømmeråd 12. september 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	36/25

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringane til vitande.

Møtebehandling

Det blei gitt skriftlege og munnlege orienteringar

1. Biskopen
 - a) Møre biskop har gitt høyringssvar i høve arbeidet med ny lov om kulturmiljø
 - b) Visitasforedrag Nasset 20. – 25. mai
 - c) Klokking 7. august – solidaritetsmarkering
 - d) Prostisamlingar haust 2025
 - e) Om studentprestetenesta – semesteropning for dei 4 høgskulane
 - f) Om at biskop Ingeborg er valgt til medlem av Kirkenes Verdensråd
 - g) Om visitasar i 2026, Sula, Ørsta, Sykkylven, Kristiansund
 - h) Om avslutning for biskopen i vårt vennskapsbispedømme i Ungarn
2. Stiftsdirektør
 - a) Om Ungdommens kirkemøte 3 – 6 oktober
 - b) Oversikt over ledige stillingar
 - c) Status endringar - bispedømmekontoret

Vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringane til vitande.

[Lagre vedtak]

Eventuelt

37/25 Endringar i møteplan bispedømmerådet 2025

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Møre bispedømmeråd 2024-2027	12.09.2025	37/25

Møtebehandling

Det blei meldt behov for endringar i møteplan for 2025.

Vedtak

1. Det blir nytt fysisk møte i bispedømmerådet 13/11 kl 12:00 – 16:00
2. Møtet fredag 12/12 blir endra til mandag 15/12